

## Haustetilrådingar per 21.aug 2014 (etter prøveuttaking 20.aug)

NLR Sogn og Fjordane avd. Njøs har starta opp med uttaket av prøvar for vurdering av haustetid for sesongen. Me er i år rekordtidlege og i sterk kontrast til fjoråret sin seine sesong. Litt særmerkt i år er også at modninga verkar til å skje jamnare mellom alle distrikta i landet og i mellom felt/bygder lokalt. Også dei ulike sortane ser ut til å koma tettare på kvarandre, så her må ein følgja med! I dei felta som ikkje er vatna (nok) vil ein i år sjå unormale verdiar både for storleik på epla (små), fastheit (harde), smak (gjerne tørre/bitre) og stivenedbryting (tvangsmodning og dårleg haldbarheit). Det er difor viktig å gje melding til fruktlageret om ein haustar slike parti, slik at lageret kan ivareta frukta best mogeleg.

Også i år blir uttak og analysar utført av NLR v Stine Huseby og Marianne Bøthun, i tett samarbeid med Solveig Nygård frå Sognefrukt, som er med både på innsamling i hagane og analysen på laboratoriet. Me kjem til å ta ut prøvar frå nokre hagar konsentrert til Sognefrukt sitt område, og så lyt kvar og ein relatera til eigen hage og kontrollera eiga frukt.

For å koma tidsnok i gong med haustinga på tidlege stader, prioriterer me prøvar der som så blir supplert med prøvar for tilsvarende sortar i seinare områder i neste runde. **Gevinsten ved å koma tidleg nok i gong med haustinga, er at når fruktlageret får varene før inn, blir dei pakka og selde tidlegare og ein oppnår betre pris for varene. Frukta får då også meir optimal kvalitet.**

I og med at sesongen kom litt forskyvd i høve til andre planar, så har me i år starta med prøvetaking på onsdagane og for dei første uttaka vil me halda fram med dette. Resultata blir då sendt ut seinast torsdags føremiddag. Me tek prøvar ut over i sesongen og så lenge det er naudsynt. Me tek kontakt med eigarane av prøveuttaksfelta på førehand, og som takk for hjelpa sender me også fullstendige analyseresultat til dyrkarane dette gjeld.

### Tips!

Liste over tilrådde refraktometerverdiar og fastleik for dei ulike sortar er lagt ut på Sognefrukt sine heimesider. Her ligg også bruksanvisning for korleis ein går fram ved målingane. Ferdig utblanda jodløysing for stivetest kan medlemmar i NLR også i år få kjøpt ved henvending til Landbruksrådgivinga på Njøs. (Prisstigning på ingrediensane, gjer til at me ikkje kan dela ut gratis som tidlegare.) Både Sognefrukt og Landbruksrådgivinga sel også hefter med bilete av rettleiande stive- og streifverdiar for dei ulike sortane til kr 100. Hugs at refraktometerverdien aleine ikkje må brukast som einaste haustekriterium, då den fortel mest om kvaliteten og ikkje så mykje om utviklinga på frukta. Sukkerinnhaldet må difor sjåast i samanheng med fastleik og stive-innhald for å avgjera rett haustetid.

Ver merksam på at frukta modnar tidlegare på unge tre, tre med lita avling og på svake grunnstammer. Det er tilrådd at frukta vert hausta i fleire omgongar for å få maksimal kvalitet.

Hugs at grunnfargen MÅ vera på plass før hausting, og at ein god indikasjon også er om frukta smakar godt!

## Discovery

Det er teke ut prøvar på Leikanger og Vangsnes. Frukta har fått flott raudfarge og grunnfargen er i ferd med å koma på plass, sistnemde skal vera minst C3 på fargemalen. Sukkerinnhaldet skal vera over 10,8 og fastleiken liggja mellom 7-8. Stiveverdiane skal liggja mellom 6-8, så dersom stiven er låg og sukkerinnhaldet er mindre enn 10,8 bør ein venta litt med hausting. Det er flotte, store, jamne eple i felta som har fått nok vatn. I felt med dårleg vatning er fruktene små og harde, og testinga gjev utslag i litt "rare" verdiar og høg streifindeks. Streifindeksen skal elles liggja mellom 0,09-0,16. Ein kan byrja å plukka utor på tidlege stader. NB! Det er ujevnt i felta så ein MÅ plukka fleire gonger.

**NB! Ver elles merksam på små, usmakelege, grøn-grå farga epler som kan vera teikn på Heksekost. Dette er ein sjukdom som det er meldeplikt for, så merk trea med plastband e.l. og ta kontakt med Mattilsynet eller oss i Landbruksrådgjevinga. Pålagt uttak av tre gjev rett til erstatning.**

## Clara Frijs

Det er teke ut prøvar på to ulike felt på Slinde og eit felt på Nornes. Det er stort sett flotte avlingar i år, men av litt varierende storleik i "klasane" på trea. Det er ikkje definert noko krav til sukkerinnhald, men våre målingar viser at det er høgt (opp mot 12,6 i snitt) og pærene er byrja å bli saftige som dei skal vera. Fastleiken skal liggja mellom 5-6 og ha eit stiveinnhald mellom 4-6. Målingar syner at fastleiken er fin og at stiveverdiane er på veg opp. Utorplukking kan difor ta til på dei tidlegaste stadene. På seinare stader bør ein venta til til over helga. (Prioriter evt. utorplukking av Discovery først).

## Summerred

Det er teke ut prøvar på Leikanger og på Vangsnes. Sjølv om raudfargen er byrja å bli fin, så viser testinga at det er for tidleg å hausta. Nye prøvar vil bli teke ut på onsdag 27.august. Det ser elles ut til å bli mykje fin frukt i år og med god storleik.

Generelt ser det ut til at me ligg minst 2 veker tidlegare i utvikling i år i høve til fjoråret og at sortar og områder vil modna meir på likt. Utviklinga vil no skje raskt framover. I seinare uttak av prøvar vil det i tillegg også verta teke prøvar av Raud Gravenstein og Raud Aroma/Aroma. Pærer utanom Clara Frijs vil ikkje bli testa i år.

Neste prøveuttak blir på onsdag 27.august

Mvh

Norsk Landbruksrådgiving Sogn og Fjordane

Marianne Bøthun; tlf: 95290740

Stine Huseby; 48040498